

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 21.09.2017
Vår ref.: 2017/199-11
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 17/1101 – 17/8165

Att. Anja Elisabet Broch

Mellombels fråsegn etter kulturhistorisk synfaring i samband med søknad om nydyrking på Toska - gnr 43 bnr 11 - Radøy kommune

Viser til tidlegare kontakt i ovanfor nemnde sak, seinast i e-post frå landbrukskonsulent Anja E. Broch ved Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy datert 11.09.2017.

Den 05.09.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle arealet. Området si høgde over havet og topografiske høve indikerer at det er potensial for funn frå steinalder i store delar av det omsøkte arealet. Dersom grunneigar ønsker å oppretthalde søknaden datert 22.06.2017, må det gjennomførast arkeologiske registreringar i området etter § 9 i kulturminneloven. Kostnadene ved registreringen må dekkast av tiltakshavar, jf. §§ 9 og 10 i kulturminnelova.

Vedlagt er kart som viser område med høg potensial for nye funn. Dersom grunneigar ønsker å justere utstrekninga til nydyrkingsområdet, må ny søknad om nydyrking leggjast fram for Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneomsyn, jf. § 3 i kulturminnelova. Forslag til ny avgrensing av tiltaksområde kan sendast til oss for vurdering i forkant av innsending av den nye søknaden.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Potensialkart